

1

LOKAL VERKSEMDPLAN

SEIM SKULE

2016-2017



DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



VERKSEMPLANEN

Verksemgsplanen er eit overordna styringsdokument for Seim skule. Den skal definere formål, hovudmål og hovudaktivitetar. Planen skal gjere arbeidet vårt tydeleg og synleg både internt og eksternt. Verksemplangen gir føringer for prioriteringane våre. Det som er nedfelt i planen er forpliktande for alle som arbeider på Seim skule.

VISJON, MÅL, PEDAGOGISK PLATTFORM

SEIM SKULE – VISJON OG VERDIAR

Seim skule ligg sentralt i Seimsbygda, ei bygd i vekst og utvikling, 10 minutt frå Knarvik og 35 minutt frå Bergen sentrum. Skulebygget var heilt nytt hausten 2013. Frå same hausten vart Festo skule lagd ned og elevane frå Festo vart overført til Seim skule. Elevtalet på Seim skule auka med 40 elevar. Elevane frå dei to tidlegare skulekrinsane går no saman på ein ny og moderne skule. Skuleåret 2016 - 2017 er elevtalet kome opp i 156 elevar. Skulekrinsen strekkjer seg frå Leivestad og Søreide i aust, Hjelmtveit i sør, Seimsbygda, og Festo og Lygra i vest. I tillegg ligg det fleire grender og bygder innanfor skulekrinsen. Seim skule har ein visjon om å vera ein god skule for mange bygder. Samhald, fellesskap og mangfald er sentralt i arbeidet vårt.

Vi vil at Seim skule skal vere ein skule der

- alle ser og kan bli sett
- alle høyrer og kan bli høyrd
- alle respekterer og kan bli respektert

SEIM SKULE - PEDAGOGISK PLATTFORM

Opplæringslova slår i §1.1 fast at formålet med opplæringa er at skulen, i samarbeid og forståing med heimen, skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg

kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskarterong, lære seg å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad. Dei skal bli møtt med tillit, respekt og krav og få utfordringar som fremjar danning og læreryst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Dette er skulen sitt overordna mål og som heile verksemda skal ha som rettesnor for alt arbeid som vert gjort.

Nasjonalt er det politisk semje om tre mål for kvalitet i grunnopplæringa:

1. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheter som gjer dei i stand til å ta del i vidare utdanning og arbeidsliv
2. Alle elevar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregående opplæring med godkjend kompetansebevis for vidare studie eller i arbeidslivet
3. Alle elever og lærlinger skal verte inkludert og oppleve meistring

Formålsparagrafen, nasjonale mål og lokale tilhøve ligg til grunn for opplæringa på Seim skule. Vi legg vinn på læring, utvikling og meistring for alle elevar. Vi trur på at alle elevar kan lære og at dei aller fleste er i stand til å lære grunnleggjande ferdigheter i lesing, skriving og rekning. Vi strekk oss langt for å finne gode metodar, dele erfaringar og ut frå dette utvikle arbeidet med undervisninga. Vi lærer av kvarandre. Vi veit at trivsel og tryggleik er grunnlag for all læring og legg derfor til rette for god sosial opplæring og oppfølging. Vi legg vinn på å byggje gode relasjonar, samarbeide og kommunisere godt. Kvar elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Vi er opptekne av kva kompetanse våre elevar i dag treng for å meistre liva sine som vaksne.

UTVIKLINGSARBEID

LINDÅS KOMMUNE – STRATEGISK PLAN FOR GRUNNSKULANE

Satsingsområda i «*Strategiplan for skule 2014-2018*» er:

1. Vurdering og klasseleiing

Målsetjing:

- a. Auka læring, lærelyst og motivasjon hjå elevane
- b. Tydeleg og proaktiv klasseleiing
- c. Eit godt læringsmiljø der alle er positivt involvert

2. Styrking av ordinær undervisning og spesialundervisning

Målsetjing:

- a. Høg kvalitet på den ordinære opplæringa og på spesialundervisninga
- b. Elevane opplever meistring og får utvikle sine evner og talent
- c. Nedgang i tal elevar med særskilde behov på ungdomsseget i 2014-2018
- d. Førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT er etablert ved alle skular
- e. Sikre elevane god tilpassa opplæring – «Rett tiltak til rett tid»

3. Arbeid med grunnleggjande ferdigheter

Målsetjing:

- a. Elevane utviklar gode grunnleggjande ferdigheter som fungerer som hensiktsmessige reiskapar for læring og for å vise kompetanse

4. Ungdomstrinnet meir praktisk retta


Målsetjing:

- a. Elevane er inkludert i fellesskapet
- b. Elevane opplever opplæringa som praktisk, variert, relevant og utfordrande
- c. Elevane skal vere rusta til å fullføre vidaregåande opplæring

Alle skulane i Lindås er forplikta til å arbeide etter læreplanen for Kunnskapsløftet og å fokusere spesielt på satsingsområda i Strategiplanen for skule 2014-2018.

Skulane skal utarbeide lokale verksemndsplanar kvart år som synleggjer kva skulen har prioritert. Planen skal syne tiltak, tidsramme/periode for utprøving og evaluatingsprosess.

I arbeidet vil Skandsen, Wærness, Lindvig 2011 sin modell vere til hjelp og skulen må utifrå analysearbeid prioritere skulen sine tiltak i eigen verksemndsplan.



Modellen skildrar dei ulike fasane ein må arbeide med for å få til endring inne i ein organisasjon. Den gjev ei bevisstgjering om kor ein står i dag, kva ein ønskjer å gjere (definering) og kva for tiltak som må settast i gang, kva kompetanse har vi i personalet og ikkje minst at ein må trene ei stund (utprøving)før ein evaluerer eigne tiltak, og at ein må gjere endringar og analysere tiltaka undervegs i arbeidet sitt. (evaluering). Like viktig som evalueringa er korrigering av systemet på drift før ein finn system som ein arbeidar etter.(drift)

Kompetansen ein skaffar seg må ein gjere i fellesskap om det skal bli ei varig endring i organisasjonen. Ein organisasjon som klarer å gjere ny kunnskap til fellesskapets kunnskap, kallar vi ein lærande organisasjon (Knut Roald).

SEIM SKULE – LOKAL PLAN FOR UTVIKLINGSARBEIDET

Seim skule gjennomførte ein omfattande ståstadsanalyse våren 2016. Analysen omhandla skulen sine ressurser i tillegg til innsamling og analyse av data knytt til læringsmiljø, læringsresultat og ei vurdering av eigen praksis.

Konklusjon etter ei samla vurdering:

1. Arbeidet på skulen må styrke elevane sine læringsresultat med tanke på dei grunnleggjande ferdighetene i lesing, skriving, rekning og IKT.
2. Arbeidet på skulen skal sikra elevane eit godt læringsmiljø.

Dette vert utgangspunkt for vidare utviklingsarbeid skuleåret 2016-2017 med følgjande konkrete målområde:

1. Vidareføring av lesing som grunnleggjande ferdighet (LeseLos)
2. Vidareføring av styrking av ordinær undervisning og spesialundervisning gjennom systematisk arbeid i Ressursteam
3. Særskild område haust 2016: Læringsmiljø
4. Særskild område vår 2017: Vurdering for læring – deltaking i MOOC VFL

UTVIKLINGSPLAN FOR SEIM SKULE 2016-2017

	Utviklingsområde	Mål	Tiltak	Ansvar
1.	Lesing	Alle elevar på Seim har utvikla ein lesedugleik i tråd med alder og føresetnadar.	Arbeide vidare med Leselos-draftet på kvart trinn – utprøving og erfaringsdeling	Plangruppa
2.	Ordinær undervisning og spesialundervisning	1. Alle tilsette og foreldre har god informasjon om skulen sitt ressursteam. 2. Skulen har gode rutinar for å fange opp og følgje opp elevar som treng hjelp –	«Tidleg innsats» haust 2016 – utarbeide og gjennomføre opplegg for konkrete elevgrupper Gjennomføre Sjøstrand-samtalar Gjennomgang av ressursteamet sine oppgåver og ansvar (for lærarar, assistenter og	Ressurs-teamet

		<p>«Tidleg innsats»</p> <p>3. Skulen sin metodikk er godt kjend i personalet og i foreldre- gruppa.</p>	<p>foreldre)</p> <p>Utarbeide ein rutine og prosedyre for skulen sitt arbeid med «Tidleg innsats»</p> <p>SamPro; opprette IOP i SamPro for alle elevar med vedtak etter §5-1</p>	
3.	Læringsmiljø	<p>Alle elevar på Seim har eit godt fysisk og psykososialt mijø. Læringsmiljøet på skulen fremjar helse, trivsel og læring.</p>	<p>Gjennomgang av lovkrav</p> <p>Utarbeide ein felles «standard» for skulen, klassene og SFO</p>	<p>Rektor Plangruppa</p>
4.	<p>«Vurdering for læring»</p> <p><u>Hil</u> <u>VFL – MOOC</u></p>	<p>Skulen har ein vurderingspraksis som fremmer læring og utvikling for alle elevane.</p>	<p>Oppstart VFL MOOC</p>	<p>Plangruppa</p>

Planleggingsdag 11.november:

½ dag: Lese/skrivevanskar – dysleksi og elektroniske hjelpeemidler

½ dag: Pedagogisk bruk av elektroniske tavlar

KiS-runde haust 2016:

Periode: Veke 46 og 47 (november)

Tema: LeseLos eller Læringsmiljø – valfritt

Krav: Lærarane skal skrive logg og refleksjonsnotat frå perioden – erfaringsdeling i team

SKULEBASERT VURDERING

Etter forskrift til opplæringslova skal skuleeigar og skulane jamleg vurdere verksemda:


§ 2-1. Skulebasert vurdering

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.

KiS – en modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen

Modellen for "Kvalitetsvurdering i skulen" (KiS) skal nyttast som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetansen i organisasjonen. KiS tek utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som blir planlagt og gjennomført av lærarane og legg grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis. I denne dialogen vert alle ledd i skulen involvert: elevar, foreldre, lærarar, lærarteam, leiing og skuleeigar.

Kvalitetsvurdering i skulen (KiS) kan illustrerast gjennom denne modellen (Senter for erfaringsdeling 2008):



Modellen si sterke side er at læringa i alle ledd går begge vegar, og at ein gjennom denne metoden kan utvikle ein samanhengande vurderingspraksis på alle nivå i organisasjonen. Modellen tek høgde for både "å telje og fortelje".

Personalet på Seim arbeider etter denne modellen i alt utviklingsarbeid. To gongar i året (haust og vår) vert det gjennomført ein KiS-runde med skriftleg dokumentasjon av tiltak i klasserommet og oppnådde resultat.

Indikatorar for Læringsmiljø og Læringsresultat og oppfølging vert utarbeid i løpet av skuleåret.

Utfordring: «Korleis kan vi vite at vi er på rett veg?»

MØTEPLAN OG ÅRSHJUL

MØTEPLAN

Måndag kl.12:30 – 15:30 Læraramøte

- Partalsveker: 1t fellesmøte + 1t team + 1t trinn
- Oddetalsveker: 1t team (utv.arb.) + 2t felles utv.arb.

Tysdag kl.08:30 – 09:15 Assistentmøte annakvar veke

Tysdag kl.14:15 – 15:15 Møte i ressursteam – annakvar veke

Onsdag kl.12:45 - 14:15 Plangruppemøte annakvar veke: Partalsveker fram til haustferien, oddetalsveker fram til jul

Torsdag kl.12.45 – 13.30 Leiarmøte

- Partalsveker: Rektor og inspektør
- Oddetalsveker: Rektor, inspektør og SFO-leiar

Torsdag kl.13.30 – 14.15 ATV-møte, VO-møte, Trepartsmøte etter eigen møteplan

Morgenmøte: Dagleg 08:15 – 08:30

Møteplan rektor 2016-17:

- Skuleleiarmøte 31.august, 5.sept., 28.sept., 30 sept., 6.okt., 19.okt., 30.nov. og 16.des
- Finnmark i veke 37 (12.-16.sept) og veke 46 (14. – 18.nov)

ÅRSHJUL DRIFT OG AKTIVITETAR

	Drift	Samarb. Heim-skule	Ord.oppl. / Spes.ped.	Aktivitetsplan
August	«Vi flytter inn» To planleggingsdagar	Trafikkplan Heimesida «Samspelet»	«Tidleg innsats» 1.-4.trinn haust 2016 Sjøstrandsamtalar IOP i SamPro	Fellessamling (adm.): Vel møtt til nytt skuleår! Trivel, tryggleik, læring og glede!
September	Oppstart «Kom og leik»	Foreldremøte 1.-7.kl Felles tema: Utviklingsarbeid 2016-17 Trafikkplan Heimesida	Sjøstrandsamtalar IOP i SamPro 6.sept: Ress.team m/ PPT og skulehelsetenesta	Fellessamling: 6.trinn <u>Veke 36:</u> Fjelltur 5.-7.kl <u>Veke 37:</u> «Vi komponerer» - 6. og 7.klasse <u>14.sept.:</u> 5.kl Lynghesisenteret <u>15.sept.:</u> Fjelltur småtrinnet <u>30.sept.:</u> «Maja og den glemte musikken» 1.-7.trinn 3.-4.trinn: Kanopadling
Oktober	Utviklingssamtalar Nasjonale prøver 17.oktober – 4.november GSI - innsamling	Elevsamtalar og utviklingssamtalar med foreldre	26.okt: Ressursgruppe-samling	7.okt: Joggedag 24.okt: FN-dag – samling Refleks./trafikk –veke 42
November	Nasjonale prøver Refusjonskrav gjesteelever og leirskule Overgangar			Fellessamling: 5.trinn 1.nov – DKS 5.-6.trinn «Figurteikning» 21.nov – DKS 1.-4.trinn «To menn og ei tavle» Fagdag: Matematikk 4.trinn: Vårt lokalsamfunn 1.-4.trinn Mattedag
Desember	SFO – foreldrebetaling, endring for 2017			Adventssamlingar – trinn Juleverkstad – trinn Juleavslutning – 15.des
Januar	Innskriving – brev ut til nye	«UKE 6 2017» - alle Klasseforeldremøte 1.-7.kl		Fellessamling: 3.trinn English Day 1.-4 og 5.-7. Ski/ake/skøytedag DKS 5.-7.trinn «Kor får du alle ideane dine frå?»
Februar				Fellessamling: 2.trinn Dramadag – 1.-4.trinn og 5.-7.trinn SMART-Camp: 6.-7.trinn

Mars	Utviklingssamtalar	Elevsamtalar og utviklingssamtalar med foreldre		Påskelunsj – alle? Praktisk skuledag 5.-7.trinn
April	Gjesteelevar – søknad om ressursavtale			Fellessamling: 4.trinn Påskevandring Fjelltur 5.-7.trinn
Mai	Kartleggingsprøver 1.-4.kl Førskuledag		Enkeltvedtak om spesialundervisning 2017-18	Fellessamling: 1.trinn Rydding til 17.mai Sykkeltur/kanotur 5.-7.tr TINE-stafetten 6.-7.trinn
Juni	Refusjonar – leirskule og gjesteelevar		Årsrapport	Fellessamling: 7.trinn Lesevake 5.klasse Aktivitetsdag – team <u>14.juni:</u> Topp-trimmen – trekning